

## Vedlegg 1: Samanfating av kvalitetskriterium for BELMA: *Best European Learning Materials Awards*

<https://www.belma-award.eu/>

Dette er ei årleg europeisk kåring av det beste læremiddelet i Europa. Bak kåringa står IARTEM: *International Association for Research on Textbooks and Educational Media*, ein organisasjon som samlar læremiddelforskarar frå heile verda.

Her opererer ein med åtte kriterium for vurdering av læremiddel, med underliggande spørsmål til kvart kriterium. Omtalen er omsett og bearbeidd frå engelsk av Sigrid Ørevik.

**Relevans** refererer til kor treffande læremiddelet er med tanke på kva behov og målsettingar brukarane har.

- Tar tilnærmingar, metaspråk, instruksjonar, eksempel, øvingar og aktivitetar omsyn til kvar elevane i målgruppa *er* – sosialt, kulturelt og utdanningsmessig?
- Passar læremiddelet inn i undervisnings-/læringskonteksten?

**Transparens** vil seie trekk og eigenskapar ved læremiddelet som gjer det lett tilgjengeleg og brukarvennleg for eleven.

- Er læringsmål og kjenneteikn på måloppnåing klart formidla?
- Har læremiddelet ein klar og logisk struktur med høvelege og forståelege instruksjonar og layout?
- Gir læremiddelet læraren bakgrunn og grunngiving for dei didaktiske tilnærmingane som er valde?

**Reliabilitet** dreier seg om korleis læremiddelet heng saman, og om det er samsvar mellom mål, innhald og tilnærmingar.

- Er delane konsistent bundne saman, slik at dei internt relaterer til kvarandre?
- Er utvalet av aktivitetar, øvingar osv. gjort ut frå valide metodologiske premissar?
- Presenterer læremiddelet nøyaktig og gyldig informasjon, påstandar og eksempel, og presenterer det autentisk sosial åtferd?

**Attraktivitet** dreier seg om trekk ved læremiddelet som appellerer til brukaren og dermed bidrar til å auke motivasjonen.

- Er læremiddelet lett å bruke, med brukarvennleg grensesnitt og høvelege illustrasjonar?
- Legg læremiddelet opp til dialog med elevane, for eksempel ved å tilby tilbakemelding og gjere elevane nysgjerrige og motiverte for arbeidet?
- Er det variasjon i aktivitetstypar, former for interaksjon og arbeidsrytme?
- Tar læremiddelet omsyn til den affektive dimensjonen ved å skape ein attraktiv kontekst for læringa?

**Fleksibilitet** vil seie at ein vurderer om læremiddelet tar omsyn til at kvar elev har sine individuelle særtrekk, når det gjeld både det kognitive og affektive, og dermed si særigne tilnærming til undervisnings- og læringsprosessar.

- Tar læremiddelet omsyn til at elevar har ulike erfaringar og disposisjonar når det gjeld læringsarbeid?
- Opnar læremiddelet for modifisering av tekstar og oppgåver i tråd med dei ulike behova og læringsmåla til elevane?
- Er læremiddelet fleksibelt nok til å legge til rette for at elevane arbeider i djupna med særskilde emne?

**Genererande potensial** er forklart som at læremiddelet legg til rette for den kognitive utviklinga til elevane, og for at dei kan overføre det som er lært i éin kontekst, til andre kontekstar.

- Bygger læremiddelet på tidlegare tileigna kunnskap og hjelper elevane til å relatere omgrep til kvarandre?
- Gir læremiddelet høve til å lære å lære (løyse problem, øve opp strategiar, osv.) og fremmar det bevisstheit hos elevane om dette?

**Deltaking** handlar om i kva grad læremiddelet legg til rette for at elevane får gjere val og ta del i ansvaret for undervisnings- og læringsprosessen.

- Opnar læremiddelet for at elevane kan ta interessene, meiningane og erfaringane sine med seg inn i læringsprosessen, slik at prosessen blir meningsfylt for dei på eit personleg plan?
- Oppmodar læremiddelet elevane til å gjere val, bidra til avgjerder og ta del i ansvaret for eiga læring?

**Sosialisering** dreier seg om i kor stor grad læremiddelet fremmar evna til å samarbeide og til å utvikle empati.

- Fremmar læremiddelet evna til å samarbeide og utvikle empati?
- Blir elevane oppmoda til å utvikle ny innsikt og sjå ting frå andre perspektiv?
- Ber læremiddelet elevane om å reflektere over kunnskap om og forståing av eigen kultur så vel som andre lands kulturar og dei personlege haldningane elevane har til dei?